

Referat frå styremøte nr. 10-2020

Dato: 2. oktober 2020

Tid: kl. 12.15 – kl. 12.40

Stad: Videokonferanse på Teams

Til stades frå styret:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

1. vara Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)

5. vara Olav Myklebust (ordfører i Sande kommune)

Forfall:

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)

2. vara Jan Magnar Sandvik (varaordfører i Sula kommune)

3. vara Stein Aam (ordfører i Ørsta kommune)

4. vara Bernt Brandal (ordfører i Hareid kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 47/2020: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Det var ingen merknadar til innkallinga og ingen saker til eventuelt.

Sak 48/2020: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 9-2020 (17.-18. september 2020)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Godkjenning av referat frå styremøte nr. 9-2020 vert på kome tilbake til på styremøte nr. 11-2020 16. oktober.

Sak 49/2020: Nytt fengsel i Ålesund – Sunnmøre soningscenter

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Konseptvalutgreiinga (KVU) om fengselsstrukturen på Vestlandet frå 2019 er nyleg offentleggjort av regjeringa. KVUen konkluderte med bygging av nye fengsel i Ålesund, Bergen og Stavanger til erstatning for dagens 10 fengsel.

I kvalitetssikringa (KS1) av KVUen har ein imidlertid kome til annan konklusjon: å behalde og rehabiliterare dagens fengsel. Dette vert begrunna med at ein finn kostnaden med tre nybygg for høg, medan nyttegevinsten er for usikker.

Regjeringa bygger konklusjon sin på KS1, der dei konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å bygge nye fengsel til erstatning for dagens fengsel.

KVU og KS1 finn ein på regjeringen.no

Styret drøfta saka og konkluderte med at ein held fast på målet om bygging av eit nytt fengsel på Digerneset i Ålesund. Vidare at ein vil be om eit møte med justis- og beredskapsministeren om handlingsrommet i saka. Det vert sendt ut ei pressemelding om dette.

Styret vil vurdere å nytte ekstern konsulent for rådgjeving i det vidare arbeidet. Det må m.a. arbeidast med argumentasjonen for eit nytt fengsel og presentasjonen av saka.

Styremedlemmane tek opp saka i eigne parti.

Saka vert å kome tilbake til på neste styremøte 16. oktober 2020.

Sak 50/2020: Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.